

TEMA: Byggjeskikken ©115,
Våre henders verk ©410

Folkedal

REKKJETUNET PÅ YSTÅS

I tunet på Ystås ligg bygningane til tre bruk på rekkje og rad; eit gammalt fellestun. Kwart bruk har stovhus, masstove – opphavleg ei røykstove – glasstove og løy; halvparten av husa er eldre enn 1800. Fleire av dei eldste bygningane har vore sette i stand dei seinare åra og tekne i bruk på nytt. Ein av desse er ei glasstove med sidesval; bu nede og eit romsleg sengeloft i andre høgda. Her finn vi måla kister og ei dør med vakker prydmåling; eit embetsmannsportrett. Meisteren for dette er nok JOHANNES JONSSON KJÆRLAND (©366).



FOLKEDAL, som i dag ligg som ein liten «avstikkar» frå riksvegen, låg i mellomalderen sentralt i ein av dei viktigaste vegane mellom Hardanger og Voss. Det var denne veggen Olav Haraldsson fór i 1023 då han kom frå kongsgarden på Avaldsnes for å halda møte med vessene om å ta ved den nye trua. Veggen går om stølen Krossaset og ned Bordalen til Vangen.



På eitt av dei nedste bruka i Øvre Folkedal, der fellestunet tidlegare låg, står det att ei av dei gamle røykstovene i tunet. Alderen på stova er uviss, men tømmerdimensjonane fører tankane mot mellomalderen. Stova har hatt ein fint forseggjort ljore, og enno ser vi spor etter bogeslag og tausnoingsmotiv på ljoren. Denne stova var i bruk fram til første halvdel av 1900-talet.

Den vesle tettstaden ved fjorden i Folkedal var tidlegare dampskipsstoppestad. Fram til 1960-talet var det to handelsmenn her. □



Bogeslaga og tausnoingsmotiva på vekselsbjelken – den tverrbjelken som går over to sperrefag ved store ljorer – tyder på at stova kan vera frå mellomalderen.

Glasstova på Ystås.



LJÅSMEDANE I FOLKEDAL

Folkedalsljøen hadde i mange år eit godt omdøme. Rett ovanfor riksvegen gjennom Folkedal ligg eit langt teglsteinshus, på innsida av elva (biletet til venstre). Her var det drive ljåproduksjon fram til midt på 1950-talet. Huset skal vera bygt rundt hundreårsskiftet. Der var tre smihammarar drive av reinvverk, som fekk krafta frå ein turbin på oppsida av huset. Denne vart driven av vatn frå elva.

Dei siste åra var det tre smedar som produserte ljå i denne smia. Brørne HÅVARD O. FOLKEDAL (f. 1897) og ODDMUND O. MEDHUS (f. 1901). Desse både produserte og selde ljå i kompaniskap. I tillegg dreiv ANDREAS J. MEDHUS (f. 1888) ein smihammar for seg sjølv i same huset. Huset var òg plassert på hans grunn. Desse tre var likevel ikkje dei første ljåsmedane i Folkedal. Både far til Håvard og Oddmund, ODDMUND O. BREKKE (f. 1860), og far til Andreas, JOHANNES O. HAMRE (f. 1855), var kjende ljåsmedarar i si tid. Det er truleg desse to som opphavleg bygde smia der ho ligg no.